

Handbok for foreldrerepresentantar

Hafslo barne- og ungdomsskule

Heim - skule samarbeid.

Det er viktig at det tidleg blir etablert eit godt samarbeid mellom heim og skule, slik at vi saman kan komme fram til løysningar som er til det beste for barna. Samarbeidet mellom heim og skule er sentralt både i forhold til å skape gode vilkår for læring for kvar elev og eit godt læringsmiljø i gruppa og på skulen. Ein føresetnad for godt samarbeid er god kommunikasjon. I samarbeidet vil gjensidig kommunikasjon om elevane si faglege og sosiale utvikling, og trivsel stå sentralt. Det er viktig at eleven får vite at heim og skule står i nær kontakt og at målet for samarbeidet er barnet sin trivsel, tryggleik og læring.

Nokre aktuelle samarbeidsområder:

- Kvar elev
- Det fysiske skulemiljøet § 9a-2
- Det psykiske skulemiljøet § 9a-3
- Tilpassa opplæring
- Foreldremøte
- Foreldre og elevundersøking
- Kunnskapsløftet
- Årsplanar og innhald i undervisninga
- Evaluering
- Sosialkveldar
- Foreldrenettverk

Nivå i samarbeidet:

Informasjon: Heim og skule må gje informasjon til kvarandre om det som gjeld eleven, undervisning og trivsel

Dialog: God kommunikasjon om forhold av betydning for eleven og skulesituasjonen

Medverknad: Skulen skal sikre reell medverknad frå heimen i viktige avgjersler som gjeld kvar elev

Klassekontaktane

Klassekontaktane er kontaktleddet mellom foreldra i klassen og FAU. Det skal veljast 2 klassekontaktar i kvar klasse.

Oppgåver til klassekontaktane:

- Klassekontaktane skal samarbeide med kontaktlærer om planlegging og invitasjon til foreldremøta og dei syter for referat frå foreldremøta.
- Klassekontaktane informera foreldra om FAU- og SU- arbeidet.
- Val av klassekontaktar skal skje om våren innan 15. Mai.

- Klassekontaktane har ansvar for at nye kontaktar blir valde og at desse blir informert om sine oppgåver. Det kan vere ulik praksis i klassane om korleis ein vel klassekontakt.
- Klassekontaktar for inneværande skuleår skal delta på årsmøte på slutten av skuleåret.
- Nyvalgte klassekontaktar for neste skuleår kan delta på årsmøte som observatørar med tale og forslagsrett.
- Klassekontaktane skal delta på informasjonsmøte rett etter skulestart med administrasjon på skulen og FAU-representantar der ein går gjennom handbok og klassekontaktane sine oppgåver.
- Klassekontaktane skal sende inn oppdatert informasjon og evaluering til «digital verktøykasse» etter arrangement.
- Klassekontaktane skal ta initiativ til foreldremøter utan skulerepresentant om det er behov for dette.
- Klassekontaktane skal ha kontakt med foreldra i klassen og formidla idear og synspunkt tilbake til skulen.
- Klassekontaktane skal på foreldremøte eller via e-post leggje fram saker som FAU ønskjer å høyre foreldra si meining om.
- Klassekontaktane har ansvar for at det er nok vaksne i lag med klassen i 17. maitoget (1.-7.klasse).
- Alle foreldre i 8. klasse er medlem i 17.mai-komiteén. Klassekontaktane kallar inn til første møtet.
- Klassekontaktane i 8.klasse skal ta initiativ til foreldremøte for planlegging av fiskefestivalen.
- Klassekontaktane skal delta i organiseringa av julefesten i 1. -7. klasse.
- Klassekontaktane skal lage bakelister til klassen ved ulike arrangement ved skulen.
- Klassekontaktar ordnar blomsterhelsing eller liknande til kontaktlærarar ved avslutning på barnetrinnet 4, mellomtrinnet 7, og ungdomstrinnet 10. Om det er andre som og har vore med klassa der det er naturleg med ei merksemd, gjer foreldrekontaktar i klassene eiga vurdering i kvart tilfelle.
- FAU har vedteke at det ikkje vert gitt andre merksemder til skulen, på grunn av gratisprinsippet i skulen.

Økonomiansvarlege

Økonomiansvarleg er ansvarleg for bankkonto og Vipps for klassen. Det skal veljast 1 økonomiansvarleg i kvar klasse. Det er ein stor fordel å ha same økonomiansvarleg så mange år som mogleg.

FAU har 10 kontoar i Luster Sparebank med tilhøyrande Vipps nr, desse går på rundgang, slik at når 10. klasse er ferdig, så vert konto gjort opp og overført til neste års 1. klasse, som beheld den i sine 10 år.

FAU-leiar administrerar tilgang til konto og Vipps.

Oppgåver til Økonomiansvarlege:

- Val av økonomiansvarleg skal skje om våren innan 15. mai.
- Økonomiansvarleg har fullmakt til klassekonto og Vipps og fører rekneskap.
- Økonomiansvarleg har teieplikt.
- Økonomiansvarleg sender årleg ut melding til alle føresette om innbetaling til klassekonto. Dette er frivillig, jmf. GRATISPRINSIPPET.
- Økonomiansvarleg på 10.trinn har ansvar for innkjøp av blomsterhelsing til kontaktlærarane på avslutningsfesten.

Foreldre sitt arbeidsutval - FAU

FAU er heimla i opplæringslova § 11-4: Alle foreldre som har barn i skulen er medlemmer av skulen sitt foreldreråd. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU) som er foreldra si røyst ovanfor skulen. FAU skal sikre reell medverknad frå foreldre og ha medansvar for at elevane sitt læringsmiljø er trygt og godt.

Vedtekter for FAU finnes i eige dokument.

Samarbeidsutval (SU)

Samarbeidsutvalet (SU) er skulen sitt øvste rådgjevande organ, og her er alle partar i skulen representert: elevar, foreldre, undervisningspersonale, andre tilsette og to representantar frå kommunen, der rektor skal vere den eine. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

SU kan uttale seg om:

- Forslag til budsjett.
- Verksemds- og utviklingsplanar for skulen.
- Plan for heim-skule-samarbeid.
- Skulevurdering.
- Planar for ombygging og vedlikehald av skuleanlegga.
- Skulen si informasjonsverksemd.
- Prinsipp for val av bøker til skulebiblioteket.
- Fritidsaktivitetar.
- Skuleskyss.
- Trafikktryggleik og korleis skulevegen kan sikrast.
- Ordensreglementet.
- **Skulemiljøutval (SMU)**
- Skulemiljøutvalet skal sikre at skulen har eit systematisk arbeid for eit godt skulemiljø. SMU skal vere eit rådgjevande organ for skulen i saker knytt til dette. Elevane, foreldra, administrasjon og tilsette i skulen og ein representant frå kommunen skal vere representert. Foreldra og elevar skal til saman ha fleirtal i SMU. Det er skuleeigar og rektor sitt ansvar at alle rådsorgan blir oppretta og vert nytta i samsvar med opplæringslova § 4.

Foreldremøter

Eit godt foreldrefellesskap er til beste for barna. Det er viktig for barna at foreldra interesserer seg for det som skjer i klassen og på skulen.

Eit godt foreldremøte er prega av aktivitet og dialog og ikkje berre informasjon frå skulen.

Forslag til tema og gjennomføring:

- Forventningar til kvarandre:
 - Kva forventar skulen av foreldre?
 - Kva forventar foreldre av skulen?
 - Kva kan foreldre gjere for å følgje opp skulegangen heime?
 - Korleis kan forelder bidra til eit godt sosialt fellesskap og eit godt læringsmiljø?
- Bruk av lokal ressursperson som til dømes lærar, helsepersonell, tannpleier, politi, eller trafikkstasjon på møtet.
- Fleire korte tema enn eit langt foredrag.
- SFO bør inn ev. på slutten av fellesmøtet i småskulen.
- Mobbing.
- Klassereglar i skuletida og i fritida.
- Sette ned foreldregruppe eller på anna måte legge plan for sosiale arr. i klassen.

Hyppigheit:

Eit klasseforeldremøte om hausten. Val av foreldrepresentantar om våren

Eit storforeldremøte med tema pr. år

Møter ved behov.

Møta bør begynne om lag klokka 1900, og ikkje vare meir enn to timar.

Vedteke av FAU HBUS 20.06.2023